

Prop. 16 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2025 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 21. november 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Regjeringa legg i denne proposisjonen fram forslag om naudsynte endringar av løyvingane under programområde 04 Militært forsvar, for å skapa best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilte kapitla og postane og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan budsjettet vart vedtatt.

Regjeringa foreslår endringar av teknisk karakter mellom kapittel og postar i forsvarsbudsjettet knytt til flyttingar av oppgåver og ansvar som er gjennomført den siste tida. Vidare er det foreslått endringar av inntekter som til dels har ei motsvarande utgiftsside. Regjeringa legger også fram forslag til endringar for å handtera oppdukande behov som er strengt naudsynt å handtera med flyttingar innanfor den eksisterande løyvinga frå Stortinget. Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga til den særskilte kompensasjonsordninga for psykiske belastningsskadar som følge av at deltaking i internasjonale operasjonar sidan fleire har blitt innvilga erstatningar enn kva som vart lagt til grunn tidlegare.

Vidare foreslår regjeringa ein auke i løyvinga til Redningshelikoptertenesta for meirutgifter i 2025 på Justis- og beredskapsdepartementet sitt budsjett. Midlane vert til dels dekkja inn gjennom ei rammeoverføring frå Forsvarsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet sitt budsjett.

Sjå nærmare omtale under kap. 1760, post 45 og kap. 1791, post 01.

I denne proposisjonen foreslår regjeringa tekniske endringar i løyvinga til militær støtte til Ukraina. Endringane har til føremål å plassera midlane på dei kapittel og postar der dei vert nytta.

I tillegg foreslår regjeringa å avslutta oppfølginga av oppmodningsvedtak nr. 576 (2016–2017) om lovheimel for å ivareta rettane til fangar.

2 Forslag til endringar i statsbudsjettet 2025

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 19,5 mill. kroner som følge av følgande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 3,1 mill. kroner i samband med inngåing av utanrettsleg forlik i den rettslege prosessen etter havariet av KNM Helge Ingstad, grunna utgifter til saksomkostingar. Regjeringa foreslår også å auka løyvinga med 1,3 mill. kroner, som følge av at inntektene for revisjonstenester til Forsvarshistorisk museum vart auka i samband med revidert nasjonalbudsjett, jf. Innst. 540 S (2024–2025) til Prop. 146 S (2024–2024). Forsvarsdepartementet innfører Nasjonal hemmeleg plattform (NHP) for

høggradert kommunikasjon og sakshandsaming. I den forbindelse foreslår regjeringa ein auke av løyvinga (1,0 mill. kroner). Utgiftene til husleige er endra. Regjeringa foreslår derfor å redusera løyvinga på posten med 11,9 mill. kroner.

Knytt til militær støtte til Ukraina foreslår regjeringa å redusera løyvinga med 3,4 mill. kroner, jf. omtale på kap. 1700, post 79. Vidare foreslår regjeringa å redusera løyvinga med 11,9 mill. kroner grunna reduserte utgifter til gjennomføring av toppmøtet i *Joint Expeditionary Force* (JEF).

Regjeringa foreslår også tekniske endringar som inneber å omdisponera midlar internt på forsvarsbudsjettet. Endringane består mellom anna av utgifter til leige av fly til NATO sitt høgnivåbesøk i Nord-Noreg, som til saman aukar løyvinga på posten med 2,3 mill. kroner, mot tilsvarande reduksjon på andre kapittel og postar.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, overslagsløyving

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 39,7 mill. kroner som følge av at Statens pensjonskasse sin prognose for utbetalingar til den særskilte kompensasjonsordninga for psykiske belastningsskadar som følge av at deltaking i internasjonale operasjonar (jf. forsvarsloven § 55) har blitt høgare enn budsjettet.

Post 22 IKT-verksemd, kan overførast

Ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2025, jf. Innst. 540 S (2024–2025) til Prop. 146 S (2024–2025), vart ansvaret for eigarstyringa og oppfølginga, derunder budsjetteringa, av Program Felles IKT, overført frå Forsvarsdepartementet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 14 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt kap. 1515, post 45.

Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, kan overførast

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 1,1 mill. kroner for leige av fly til NATO sitt høgnivåbesøk i Nord-Noreg, jf. omtale på kap. 1700, post 01.

Post 52 Overføring til statlege forvaltningsorgan

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 3,4 mill. kroner for betaling av ein faktura frå 2024 frå Innovasjon Noreg for Forsvarsdepartementet

sin andel av utgiftene til forsvarsindustrirådar som forfall til utbetaling i 2025.

Post 53 Risikokapital, NATOs innovasjonsfond

Kapitalinnskottet i NATO innovasjonsfond er i euro. Grunna valutaendringar foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 0,01 mill. kroner.

Post 72 Tilskot til Noregs forskningsråd, kan overførast

Grunna justert anslag for tilskot til Forskningsrådet foreslår regjeringa å redusera løyvinga med 0,9 mill. kroner.

Post 78 Noregs tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjett, kan overførast

Tilskot til auka produksjonskapasitet

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med totalt 150,0 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon som omtalt på kap. 1700, post 79, til enkeltstående tilskot for oppskalering av produksjonskapasitet i norsk forsvarsindustri. Formålet med tilskota er å støtta prosjekt der det sikkerheitspolitiske bakteppet krev rask oppskalering, men der bedriftene opplever større usikkerheit rundt langsiktig etterspørsel. Tilskota skal utløysa investeringar i tidskriske kapasitetar for forsvarsevna hjå Ukraina, Noreg og andre allierte. Grunna tidshensyn sett i lys av den tryggingsspolitiske situasjonen foreslår regjeringa bruk av enkeltstående tilskot, og ikkje ein ordinær tilskotsordning.

Det er verksemdene Kongsberg Defence & Aerospace, Nammo AS og Chemring Nobel AS som kan søka om enkeltstående tilskot. Støtta skal gå til auka produksjonskapasitet. Bedriftene er valde ut fordi dei produserer hhv. luftvern, rakettmotorar, artilleriammunisjon og avansert militært sprengstoff. Dette er definert som prioriterte satsingar i regjeringa sitt vegkart for auka produksjonskapasitet og det er snakk om produkt til Ukrainas forsvarskamp der norsk industri er blant få leverandørar i vesten. Den totale ramma til tilskota er foreslått til 450 mill. kroner innan den militære delen av Nansen-programmet med utbetalingar på 150 mill. kroner fordelt på hhv. 2025, 2026 og 2027.

Den nedre grensa for enkeltstående tilskot vert sett til 50 mill. kroner. Relevans for Ukraina, produksjonsauke, kostnad og kostnadseffektivitet, leveringsplan og moglegheit for gjennomføring, innovasjon og tidsramme for prosjektforslaga vil fungera som tildelingskriterium. Rap-

portering på prosjekta skal beskriva status og oppnådde resultat av tilskotet og bidra til oppfølging og kontroll. Forsvarsmateriell vil forvalta tilskota på vegne av Forsvarsdepartementet. Regjeringa foreslår at det i 2025 vert løyvd 150 mill. kroner til utbetaling av enkeltstående tilskot for oppskalering av produksjonskapasitet i norsk forsvarsindustri.

Verksemdene har levert fem søknader. Regjeringa tilrår å gi enkeltstående tilskot til tre prosjekt, eit til kvar av dei følgjande verksemdene i 2025–2027: Chemring Nobel AS, Nammo AS og Kongsberg. Chemring Nobel AS mottar totalt 235 mill. kroner for å gjennomføre fase 2 av ein moglegheitstudie for ein ny fabrikk for avansert militært sprengstoff, Nammo AS mottar totalt 156 mill. kroner for å styrka sin produksjon av rakettmotorar og Kongsberg mottar totalt 54 mill. kroner for å greia ut moglegheita for å produsere AMRAAM i Noreg. Tilrådinga fører til at 149 mill.

kroner går til Nammo AS og 1 mill. kroner til Kongsberg i 2025.

Enkeltstående tilskot – Nammo AS

Regjeringa foreslår eit enkeltstående tilskot på 350 mill. kroner til etablering av ytterlegare rakettmotorproduksjon ved Nammo AS. Formålet med tilskotet er å gi Nammo AS moglegheit til å gå til innkjøp av produksjonsutstyr for ei fjerde rakettmotorlinje.

Enkeltstående tilskot – Chemring Nobel AS

Regjeringa foreslår eit enkeltstående tilskot på 67 mill. kroner til Chemring Nobel AS for å bidra til at Chemring Nobel AS kan bygga opp produksjon av heksaminn hjå Dynea AS. Heksamin er ein viktig innsatsfaktor for sprengstoff framstilt av Chemring Nobel.

Tabell 2.1 Tilskot til auka produksjonskapasitet i 2025

		(i mill. kroner)
Tilskotsmottakar	Føremål	Beløp
Nammo AS	Enkeltstående tilskot Nammo til produksjon av rakettmotorar	149
Chemring Nobel AS	Enkeltstående tilskot til produksjon av heksaminn i Noreg	67
Nammo AS	Enkeltstående tilskot til produksjon av rakettmotorar	350
Kongsberg	Enkeltstående tilskot for å utgreie moglegheita for å produsere AMRAAM i Noreg	1

Post 79 Militær støtte til Ukraina, kan overførast, kan nyttast under kap. 1710, post 01 og 47, kap. 1720, post 01 og kap. 1760, post 01 og 45

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 1 850,4 mill. kroner, som følge av følgjande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 10 887,3 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon på kap. 1760, post 45. Auka er grunna i behov for å nytta ein større andel av midlane Stortinget løyvde gjennom handsaming av Innst. 227 S (2024–2025) til Prop. 107 S (2024–2025), gjennom internasjonale finansieringsmekanismer. Midlane vil kunne nyttast til å finansiera militært materiell for å støtta Ukraina i møte med den russiske åtakskrigen, til dømes gjennom NATO og nære allierte som USA, Storbritannia, Tyskland, Danmark samt Tsjekkia. Samarbeidet vil bygga på eksisterande avtalar for å ivareta tempo i gjennom-

føringa. For slike samarbeid vil det likevel vere usikkert om delar av midlane utbetalast først i 2026. Omsetningsevne i 2025 er ein risiko som gjeld den militære delen av Nansen-programmet samla sett, tiltaka som nemnt ovanfor søkar å avdempa risiko for manglande omsetning.

Regjeringa har i 2025 donert materiell frå forsvarssektoren som skal gjenanskaffast seinare år for 6 235,0 mill. kroner. Verdien av donert materiell frå forsvarssektoren vert trekt ifrå ramma på Nansen-programmet på donasjonstidspunktet, mot tilsvarande auke når gjenanskaffinga kjem til utbetaling. I saldert budsjett 2025 vart det trekt frå 2,0 mrd. kroner i påvente av forventade donasjonar i 2025. I revidert nasjonalbudsjett 2025 vart det trekt frå ytterlegare 4 090,4 mill. kroner for donasjonar så langt i 2025. Regjeringa foreslår nå ein reduksjon på 606,3 mill. kroner. Reduksjonen skjer som følge av donasjonar av militært materiell frå forsvarssektoren.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 3,4 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 1700, post 01, for følgende saker: Auka utgifter til attachékontoret i Kyiv (2,5 mill. kroner), utgifter til ressursar i samband med arbeidet med forvaltning, styring og kontroll i Forsvarsdepartementet sin oppfølging av den militære støtta til Ukraina (4,2 mill. kroner) og eit mindrebehov grunne ein forseinking i ein moglegheitsstudie med Chemring Nobel for auka produksjonskapasitet (10,0 mill. kroner).

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 150,0 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 1700, post 78, for etablering av ein midlertidig søknadsbasert ordning som gir enkeltstående tilskot til konkrete prosjekt for auka produksjonskapasitet i norsk forsvarsindustri. Det er satt av 150 mill. kroner årleg i perioden 2025–2027 i den militære støtta i Nansen-programmet.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 1 135,6 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 1720, post 01. Auka på kap. 1720, post 01, omfattar: Tiltak i den maritime koalisjonen Noreg leiar saman med Storbritannia (180 mill. kroner), Forsvaret sine utgifter i samband med etableringa av eit nordisk-baltisk-polsk trenings- og utrustningsinitiativ (700 mill. kroner), Forsvaret sine utgifter i samband med oppfølging av donasjonar og trening (92 mill. kroner) samt endringar gjennom året i utgifter hjå Forsvaret til gjennomføring av tiltak i den militære støtta til Ukraina (163,6 mill. kroner).

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 7 206,2 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 1760, post 45. Auka på kap. 1760, post 45, omfattar: Anskaffingar, trening og opplæring og donasjonar gjennom den maritime kapabilitetskoalisjonen som Noreg leiar saman med Storbritannia (2 590,0 mill. kroner), utgifter i samband med militær støtte innanfor dronar og autonomi (1 890,0 mill. kroner), Forsvarsmateriell sine utgifter i samband med etableringa av eit nordisk-baltisk-polsk trenings- og utrustningsinitiativ (742,2 mill. kroner), tiltak gjennom «den norske modellen» og utgifter til å anskaffa materiell for donasjon til Ukraina gjennom ein søknadsbasert portal der norsk industri kan foreslå relevante prosjekt for Ukraina (1 700,0 mill. kroner), donasjonar og anskaffingar til støtte for Ukraina innanfor andre innsatslinjer (284,0 mill. kroner).

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 67,9 mill. kroner med tilsvarende auke av løyvinga på kap. 4700, post 01. Noreg har mottatt kompensasjon frå EU i samband med gjennom-

føring av F-16 trening. Refusjonen er direkte knytt til konkrete utgifter i samband med gjennomføringa av den militære støtta i Nansen-programmet. Midlane vil inngå i ramma for den militære støtta i 2025 og vert nytta til nye tiltak i 2025.

Post 90 Kapitalinnskot, NATOs innovasjonsfond

Kapitalinnskotet i NATO innovasjonsfond er i euro. Grunna valutaendringar foreslår regjeringa å auka løyvinga med 0,02 mill. kroner.

Kap. 4700 Forsvarsdepartementet

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 67,9 mill. kroner, med ein tilsvarende utgiftsauke som omtalt på kap. 1700, post 79.

Post 85 Aksjeutbytte

Regjeringa foreslår å flytta løyvinga på posten til kap. 5645 Rygge 1 AS, post 85 (ny) Utbytte.

Kap. 5645 Rygge 1 AS

Post 85 (Ny) Utbytte

Regjeringa foreslår å oppretta posten i nysalderinga av 2025-budsjettet. Forsvarsdepartementet har fått utbetalt 15,0 mill. kroner i aksjeutbytte frå Rygge 1 AS. Regjeringa foreslår ei løyving på 15,0 mill. kroner på posten, mot ein tilsvarende utgiftsauke på andre kapittel og postar, jf. Forsvarsdepartementet sin meirinnteftsfullmakt.

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 104,4 mill. kroner, som følge av følgende saker:

Anslaga for utgifter til eigendomsforvaltning og forsyning er redusert med hhv. 13,1 og 133,8 mill. kroner. Sistnemnte dreier seg i hovudsak om lågare energiprisar. Regjeringa foreslår derfor å redusera løyvinga på posten med 146,9 mill. kroner. Endringa har ei tilsvarende redusert inntektsside på kap. 4710, post 01.

Leigeinntekter i sektoren vert regulert av inngåtte avtalar mellom Forsvarsbygg og dei respek-

tive verksemdene. Forsvarsbygg oppdaterer fortløpande prognoser og fakturerer basert på faktiske endringar i leigeforholda gjennom året. Anslag for leige vart redusert etter revidert nasjonalbudsjett 2025, mellom anna på grunn av utkjøp av leigd teltleir på Skjold (Hæren), i tillegg til justeringar av leigeforhold i porteføljen.

Det er nødvendig å korrigera ei fordeling av leigeutgifter som vart gjort i revidert nasjonalbudsjett 2025 i samband med priskompensasjon og fordeling av midlar til ekstra verdibevaring av eigendom. Av dette utgjør 30,9 mill. kroner ei justering av leigeutgifter mellom Forsvaret og Forsvarsbygg. Vidare dreier 13,0 mill. kroner seg om fordeling av husleige mellom Forsvarsbygg og andre etatar i forsvarssektoren.

For korrigerings av overføring av midlar til løyingsfinansiert reinhald til Forsvaret foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 1,3 mill. kroner, mot tilsvarende auke som inngår i dei tekniske endringane på kap. 1720, post 01.

Post 47 Nybygg og nyanlegg, kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 45

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 701,0 mill. kroner, som følge av følgande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med totalt 690 mill. kroner til investeringar i eigendom, bygg og anlegg (EBA). I 2025 har Forsvarsbygg nytta 690 mill. kroner utover gjeldande løyving, mot tilsvarende mindreforbruk på kap. 1760, post 45, jf. stikkordsfullmakta på kap. 1760, post 45 om at løyvinga kan nyttast under kap. 1710, post 47. Forslaget gjeld EBA-delen av materiellprosjekt i langtidsplanen som vert budsjettert på kap. 1710, post 47. Auken er knytt til endra periodisering av prosjekt som inngår i langtidsplanen, og som ikkje var kjent ved framlegginga av revidert nasjonalbudsjett 2025.

Forsvarsbygg skal bygga ein plasthall på Trandum for oppbevaring av museumsgjenstandar for Forsvarshistorisk museum. Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 11,0 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon på Forsvarshistorisk museum sitt kap. 1730, post 01.

Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 146,9 mill. kroner, jf. omtale under kap. 1710, post 01.

Post 47 Sal av eigendom

Posten omfattar netto inntekter frå sal av fast eigendom. Utgiftene til avhending er blitt lågare enn forutsett. Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 3,3 mill. kroner.

Kap. 1716 Forsvarets forskingsinstitutt

Post 51 Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt

Utgiftene til husleige er redusert. Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 3,2 mill. kroner, jf. omtale av husleige på kap. 1710, post 01.

Kap. 1720 Forsvaret

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 750,5 mill. kroner, som følge av følgande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 1 135,6 mill. kroner til tiltak til støtte for Ukraina jf. omtale på kap. 1700, post 79. Kystverket, som betalar Forsvaret for slepeberedskap, fekk auka løyving til slepeberedskap i revidert nasjonalbudsjett 2025. Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 99,1 mill. kroner til slepeberedskap, med tilsvarende auke som omtalt under kap. 4720, post 01. Vidare foreslår regjeringa å redusera løyvinga med totalt 614,1 mill. kroner for mindretgifter som følge av forsinka innføring av ny godtgjeringsmodell for reservistar (371,0 mill. kroner) og andre driftsmessige mindrebehov (243,1 mill. kroner), i hovudskap knytt til lågare straumprisar.

Endringar av roller, ansvar og myndigheit i forsvarssektoren har enkelte budsjetteffektar. I samband med flytting av mellom anna årsverk, IKT-materiell og -lisensar, og materielldrift og vedlikehald, frå Forsvarsmateriell til Forsvaret foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 134,5 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon på kap. 1760, post 01. Vidare foreslår regjeringa tekniske endringar som inneber å omdisponera midlar internt på forsvarsbudsjettet, som totalt sett reduserer løyvinga på posten med 4,5 mill. kroner.

Post 71 Overføringar til andre, kan overførast

Regjeringa foreslår å overføra midlar for arbeidet med Forsvarsretta tryggleiksreform (FSSR) frå Forsvarsdepartementet til Forsvaret. Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 2,3 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon på kap. 1700, post 01.

Kap. 4720 Forsvaret*Post 01 Driftsinntekter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 103,4 mill. kroner, som følge av følgande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 99,1 mill. kroner for utgifter til den statlege slepeberedskapen, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Som følge av endringar av roller, ansvar og myndigheit i forsvarssektoren og flytting av mellom anna årsverk mellom Forsvarsmateriell og Forsvaret foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 4,3 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon på kap. 4760, post 01.

Kap. 1730 Forsvarshistorisk museum, utgifter*Post 01 Driftsutgifter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 0,2 mill. kroner, som følge av følgande saker:

Utgiftene til husleige og forsyning har auka, og regjeringa foreslår derfor å auka løyvinga med 7,1 mill. kroner. Regjeringa foreslår også å auka løyvinga med 6,0 mill. kroner med ein tilsvarende inntektsauke som omtalt på kap. 4730, post 01. Vidare foreslår regjeringa tekniske endringar som inneber å omdisponera midlar internt på forsvarsbudsjettet, som totalt sett reduserer løyvinga med 1,9 mill. kroner. Vidare foreslår regjeringa å redusera løyvinga med 11,0 mill. kroner mot tilsvarende auke som omtalt på kap. 1710, post 47.

Kap. 4730 Forsvarshistorisk museum, inntekter*Post 01 Driftsinntekter*

Inntektene frå billettsal, sal i museumsbutikk og andre museumsrelaterte inntekter har auka. Regjeringa foreslår derfor å auka løyvinga på posten med 6,0 mill. kroner. Inntektene vert nytta til inndekning av museumsrelaterte utgifter på kap. 1730, post 01.

Kap. 1735 Etterretningstenesta*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Knytt til ein teknisk endring foreslår regjeringa å auka løyvinga med 5,6 mill. kroner.

Kap. 1740 Statens graderte plattformtenesta, utgifter*Post 01 Driftsutgifter, kan overførast, kan nyttas under 1740, post 45*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 29,5 mill. kroner, som følge av følgande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 21,0 mill. kroner for meirutgifter med tilsvarende inntektsside, jf. omtale på kap. 4740, post 01. Vidare har utgiftene til husleige og forsyning auka, regjeringa foreslår å auka løyvinga med 8,5 mill. kroner.

Kap. 4740 Statens graderte plattformtenesta, inntekter*Post 01 Driftsinntekter*

Grunna auka inntekter frå Statens graderte plattformtenesta sine tenestemottakarar foreslår regjeringa å auka løyvinga med 21,0 mill. kroner. Auken har ein tilsvarende utgiftsside som omtalt på kap. 1740, post 01.

Kap. 1760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 1760, post 45*

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 77,9 mill. kroner, som følge av følgande saker:

Endringar av roller, ansvar og myndigheit i forsvarssektoren har enkelte budsjetteffektar. I samband med flytting av mellom anna årsverk, materiell og IKT-lisensar frå Forsvarsmateriell til Forsvaret foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 26,8 mill. kroner, mot tilsvarende auke på kap. 1720, post 01. Tilsvarende for overføring av årsverk og anna knytt til materielldrift og vedlikehald frå Forsvarsmateriell til Forsvaret foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 107,7 mill. kroner, med tilsvarende auke på kap. 1720, post 01.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 5,0 mill. kroner for prosjektstillingar i Forsvarsdepartementet i pågåande investeringsprosjekt. Vidare foreslår regjeringa ein reduksjon på 3,4 mill. kroner i justert anslag til leigeutgifter hjå Forsvarsbygg, og ein auke på 55,0 mill. kroner til auka utgifter til avhending av materiell.

Post 44 Fellesfinansierte investeringar, nasjonal-finansiert andel, kan overførast

Regjeringa foreslår ei teknisk endring som reduserer løyvinga på posten med 0,2 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under kap. 1700, post 79 og 1710, post 47

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 4 196,4 mill. kroner, som følge av følgande saker:

Knytt til militær støtte til Ukraina foreslår regjeringa å redusera løyvinga med 3 671,1 mill. kroner, jf. omtale på kap. 1700, post 79. For å mogleggjera auka investeringar i eigendom, bygg og anlegg som omtalt under kap. 1710, post 47, foreslår regjeringa å redusera løyvinga med 138,1 mill. kroner. For å dekkja inn meirutgifter i Redningshelikoptertenesta foreslår regjeringa ei rammeoverføring på 55,8 mill. kroner til Justis- og beredskapsdepartementet sitt kap. 454, post 01. For disponering av inntekter frå avhending foreslår regjeringa å auka løyvinga med 42,8 mill. kroner, jf. omtale på kap. 4760, post 45.

Noreg har mottatt meirinntekter frå sal av Naval Strike Missile (NSM) til Storbritannia. Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 650,0 mill. kroner, med ein tilsvarende inntektsauke på kap. 4760, post 45. Basert på valutakursar per 1. september 2025 foreslår regjeringa å redusera løyvinga til valutakompensasjon av store investeringsprosjekt med 1 077,2 mill. kroner. På grunn av meirinntekter frå NATO sitt investeringsprogram for tryggleik foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 67,4 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon på kap. 1760, post 75. Vidare foreslår regjeringa fleire tekniske endringar som inneber å omdisponera midlar internt på forsvarsbudsjettet, knytt til mellom anna ei flytting av midlar til prosjektstillingar frå Forsvarsmateriell til Forsvaret, som fører med seg ein reduksjon av løyvinga på totalt 14,3 mill. kroner.

Tidspunkt for belastning av utgiftsløyvingar

Det alt vesentlege av kontraktar som vert inngått med leverandørindustrien i samband med investeringsprosjekt er langsiktige tilvergingskontraktar. Det vil vera vesentleg ressursinnsats hjå leverandørane før det kjem til leveransar. Leverandørane forventar, og det er i samsvar med normal forretningsmessig praksis, at kunden må bidra med finansiering av kontraktgjennomføringa gjen-

nom betaling på forskot og ved milepælar. Med bakgrunn i langtidsperspektivet i kontraktane vil dette vera utbetalingar som vil måtte skje før budsjettåret leveransane skjer. Forsvarsdepartementet foreslår derfor at fullmakt IX om tidspunkt for belastning av utgiftsløyvingar vert utvida til å omfatta utbetalingar til leverandørar der dette er økonomisk forsvarleg og naudsynt av forretningsmessige årsaker, jf. forslag til romartalsvedtak V.

Forskot er spesielt aktuelt knytt til kjøp av forsvarsmateriell frå ukrainsk forsvarsindustri. Stort bruk av forskot i avtalar med ukrainske leverandørar er heilt naudsynt for å få gjennomført kjøp av forsvarsmateriell frå ukrainsk forsvarsindustri. Regjeringa viser til særskilt omtale av risiko i gjennomføring av den militære støtta til Ukraina i Prop. 107 S (2024–2025). Utbetaling av forskot til ukrainsk forsvarsindustri inneber ein auka økonomisk risiko. Gjennom den norske modellen og Forsvarsmateriell sin etablerte praksis for gjennomføring av anskaffingar frå norsk og ukrainsk industri søker regjeringa å redusera risikoen forbundet med anskaffingar til eit akseptabelt nivå.

Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, kan overførast

Noreg har fått tilsegn om støtte til fleire pre-finansierte prosjekt frå investeringskomiteen til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik (NSIP). Regjeringa foreslår derfor å auka løyvinga på posten med 705,6 mill. kroner, med tilsvarende auke på kap. 4760, post 48.

Post 75 Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskot til NATO investeringsprogram for tryggleik, kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44

Det er lågare utbetalingar enn forutsett i NATO sitt investeringsprogram for tryggleik (NSIP) i 2025. Dette inneberer at Noreg sin andel blir lågare enn venta, og regjeringa foreslår derfor å redusera løyvinga med 67,4 mill. kroner, mot tilsvarende auke på kap. 1760, post 45.

Kap. 4760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 112,7 mill. kroner, som følge av følgande saker:

Inntektene frå royalties og avhending har auka. I tillegg har Forsvarsmateriell mottatt midlar i samband med ei erstatningssak. Regjeringa

foreslår derfor å auka løyvinga med 117,0 mill. kroner. For overføring av årsverk mellom Forsvarsmateriell og Forsvaret foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 4,3 mill. kroner, mot tilsvarende auke på kap. 4720, post 01.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 163,9 mill. kroner, som følge av følgende saker:

Sal av F-16 til Romania er forsinka til 2026, og regjeringa foreslår derfor å redusera løyvinga med 900,0 mill. kroner. Vidare kjem 57,0 mill. kroner i auka inntekter frå avhending av P-3 Orion, med ein utgiftsauke på 42,8 mill. kroner på kap. 1760, post 45, jf. Forsvarsdepartementet sin meirinntektsfullmakt. Noreg har mottatt meirinntekter frå sal av Naval Strike Missile (NSM) til Storbritannia. Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 650,0 mill. kroner, med ein tilsvarende utgiftsauke på kap. 1760, post 45.

Staten v/Forsvarsdepartementet og selskapet Nato Helicopter Industries SAS (NHI) og selskapet sine morselskap har inngått forlik etter heving av kontrakt om kjøp av NH90-helikoptre til Forsvaret. Forliket inneber ei verdioverføring til staten tilsvarende 305 mill. euro (om lag 3,6 mrd. kroner) i tillegg til tidlegare utbetalte bankgarantiar på om lag 70 mill. euro. 10 pst. av forliksbeløpet blir innbetalt i inneverande år. Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 356,9 mill. kroner. Inntektene vil tilkomma staten.

Post 48 Fellesfinansierte investeringar, inntekter

Noreg har fått tilsegn om støtte til fem nye prefinansierte prosjekt i NATO sitt investeringsprogram for tryggleik (NSIP) og regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 705,6 mill. kroner, med tilsvarende auke på kap. 1760, post 48.

Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 231,2 mill. kroner, som følge av følgende saker:

Regjeringa foreslår på Justis- og beredskapsdepartementets budsjett ein auke i løyvinga til Redningshelikoptertenesta knytt til auka driftsutgifter på 133,3 mill. kroner. Auka løyving legg til rette for å oppretthalda beredskapsnivået til redningshelikoptera. Endringar i avtalt budsjettnivå fører til ei auke av løyvinga med 145,2 mill. kroner på kap. 1791, post 01 og kap. 4791, post 01.

Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga med 42,0 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon som inngår i netto driftsmessige mindrebehov på 243,1 mill. kroner på kap. 1720, post 01, for inndekning av meirforbruk i 2024.

Vidare foreslår regjeringa tekniske endringar som inneber å omdisponera midlar internt på forsvarsbudsjettet, mellom anna som følge av fordeling av pensjonsutgifter mellom Redningshelikoptertenesta og Forsvaret, som aukar løyvinga på posten med 44,0 mill. kroner.

Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 145,2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 1791, post 01.

3 Interne endringar på kap. 1720 Forsvaret

Tabellen under viser interne endringar under kap. 1720, post 01 og post 71, foreslått i Forsvaret sin plan i tillegg til fordeling av lønskompensasjon 2 for 2025. I samband med ny kapittelstruktur på forsvarsbudsjettet frå 2021, der alle forsvarsgreinene og andre sjølvstendige einingar i Forsvaret, med unntak av kap. 1735 Etterretnings-tenesta og kap. 1791 Redningshelikoptertenesta, vart samla under nytt kap. 1720 Forsvaret, vert Stortinget informert om dei største endringane internt på kapittelet.

Tabell 3.1

(i 1 000 kroner)

Forsvaret sin interne fordeling	Saldert budsjett 2025	RNB 2025	Lønskomp. 2 for 2025	Foreslått endring kapittelintern	Samla tildeling
Cyberforsvaret	3 175 749	120 660	41 493	76 493	3 414 395
Forsvarets fellestenester	1 308 804	11 036	21 226	-4 206	1 336 859
Forsvarets høyskole	1 190 926	113 083	22 621	10 321	1 336 951
Forsvarets logistikkorganisasjon	5 145 601	4 234	36 602	13 950	5 200 387
Forsvarets operative hovedkvarter	760 307	251 692	11 831	-19 374	1 004 456
Forsvarets personell- og verneplikts- senter	1 763 619	218 707	60 849	33 501	2 076 676
Forsvarets spesialstyrkar	1 395 619	216 488	25 728	97 736	1 735 572
Forsvarets sanitet	463 282	-16 486	10 632	3 950	461 378
Heimevernet	3 035 421	221 380	29 563	-297 328	2 989 037
Hæren	8 100 374	951 603	136 250	816 738	10 004 965
Luftforsvaret	9 822 227	497 614	104 574	75 987	10 500 401
Sjøforsvaret	5 982 322	719 171	85 682	30 191	6 817 367
Norske styrker i utlandet	1 179 076	-1 178 995		0	81
Kystvakta	1 674 280	-21 236	15 938	109 064	1 778 045
Forsvarsstaben	1 591 118	1 396 775	9 868	-194 198	2 803 563
Sum kap. 1720	46 588 725	3 505 726	612 856	752 825	51 453 686

Nedanfor vert dei største interne endringane skildra:

3.1 Hæren

- 8,8 mill. kroner – omfordeling av midlar til cyberteknikarar.
- 5,7 mill. kroner – omfordeling av midlar til fellesøvingar frå Forsvarets operative hovedkvarter.
- -30,0 mill. kroner – midlar satt av til ny godtgjeringsmodell for reservistar for 2025 som er forsinka. Midlar vert fordelte tilbake til Forsvarsstaben i 2025.

3.2 Sjøforsvaret – Kystvakta

- -9,0 mill. kroner – reduksjon av utgifter som følge av lågare drivstoffpris.

3.3 Luftforsvaret

- 22,3 mill. kroner – fordeling av midlar avsett til årsverksoppbygging. Midlar vert fordelte frå Forsvarsstaben.
- 8,8 mill. kroner – fordeling til tiltak innan Chemical, Biological, Radiological and Nuclear (CBRN). Midlar vert fordelte frå Forsvarsstaben.
- -6,2 mill. kroner – reduksjon av utgifter som følge av lågare drivstoffpris.
- -76,0 mill. kroner – reduksjon av utgifter som følge av valutakursendringar.

3.4 Heimevernet

- -260,0 mill. kroner – midlar satt av til ny godtgjeringsmodell for reservistar for 2025 som er forsinka. Midlar vert fordelte tilbake til Forsvarsstaben i 2025.

3.5 Andre større endringar på kapittel 1720

- 351,0 mill. kroner – utgifter til pensjon vert fordelt til rett driftseining frå avsetjing hjå Forsvarsstaben.
- 117,4 mill. kroner – fordeling av midlar til vedlikehaldsorganisasjon som vert flytta til driftseiningane frå avsetjing hjå Forsvarsstaben.
- 75,9 mill. kroner – omfordeling av midlar i løns- og insentivprosjektet frå Forsvarsstaben til områdetillegg og fjernklientar.
- 12,4 mill. kroner – midlar til Forsvarets logistikkorganisasjon til løyvingfinansiert reinhald. Midlar vert omfordelte frå Hæren og Heimevernet.
- -373,1 mill. kroner – reduksjon av energikutgifter vert samla frå driftseiningar.

4 Fullmakter

4.1 Bestillingsfullmakt kap. 1700, post 01

Fullmakta gjeld anskaffing av forskings- og utviklingstenester på personell- og kompetanseområdet. Forsvarsdepartementet har gitt tilslag til nye forskingsprosjekt der utbetalingar kjem til forfall i 2026. Forsvarsdepartementet foreslår å auka fullmakta på kap. 1700, post 01, med 2,51 mill. kroner i 2025 til 47,5 mill. kroner.

4.2 Tilsegnfullmakt kap. 1700, post 73

Fullmakta gjeld FoU-søknadar til ordninga Forskning, materiell og utviklingsstøtte. Regjeringa foreslår å auka tilsegnfullmakta med 120 mill. kroner til 500 mill. kroner. Bakgrunnen for auken er at det allereie er forplikta 360 mill. kroner i 2025. FoU-søknadar som kom inn våren 2025 ligg nå til godkjenning hjå Forsvarsdepartementet. Dei anbefalte søknadane frå søknadsrunden i vår utgjer om lag 120 mill. kroner.

Regjeringa arbeider med å forbetra gjeldande tilskotsordningar, og vil i løpet av 2025 og 2026 evaluera gjeldande FoU-ordning Støtte til utvikling av norsk forsvarsteknologi. Samarbeidsordninga er eit sentralt tiltak i den forsvarsindustrielle strategien og er eit viktig bidrag til nyskaping og arbeidsplassar. Forsvarsdepartementet legg opp til å utarbeida ein forskrift for ordninga. I påvente av ny forskrift vil midlar til FoU-samarbeidsprosjektar mellom forsvarssektoren og industrien tildelast som enkeltstående tilskot. Regjeringa legg opp til at følgande mottakarar vert tildelt enkeltstående tilskot:

Tabell 4.1

Namn på tilskotsmottakar	Beløp (tusen kroner)
Thales Norway AS	6 200
Impetus Afea AS	16 250
EElume AS	11 970
Munin Dynamics AS	9 250
Midlaier AS	2 700
Kongsberg Maritime AS	1 250
Scanmatic AS	14 125
Rottefella AS	6 910
Nammo Raufoss AS	35 000
Nordiq Products AS	2 925
Biodrone AS	13 750
Totalt	120 330

4.3 Tilsegnfullmakt kap. 1700, post 78

Tilsegnfullmakta gjeld virkemidlar til norske bedrifter som vinnar kontraktar i EU-programmet *European Defence Fund* (EDF). Posten har ei tilsegnfullmakt på til saman 155 mill. kroner. Det er forventa ein betydeleg auke i behovet for virkemidlar i EDF, i lys av at prosjekta sin utvikling i aukande grad vert karakterisert av komplekse system og høgare teknologisk mogenskap. Dette fører til meir kapitalintensive prosjekt og høgare tildelingar framover. Regjeringa foreslår å auka tilsegnfullmakta med 45 mill. kroner til 200 mill. kroner.

5 Enkelttilskot i Nansen-programmet i 2025

Under følger ei oversikt over Forsvarsdepartementet sine planlagde tilskot til internasjonale samarbeidsvedtak og finansieringsordningar som del av den militære støtta i Nansen-programmet for Ukraina. I tråd med fullmakt XLIX, jf. Innst. 540 S (2024–2025) til Prop. 146 S (2024–2025) planlegg regjeringa å tildela tilskot for om lag 40 mrd. kroner i 2025. Regjeringa tar atterhald om at endeleg tilskotsbeløp for 2025 vert fastsett gjennom avtalar mellom Forsvarsdepartementet og tilskotmottakarane, og at beløpet er avhengig av valutakursar og periodisering av utgifter over år. Regjeringa arbeidar med ytterlegare tilskot for

2025 som per tid ikkje er endeleg avklart og difor ikkje står i oversikta under.

Stortinget er, i tråd med den politiske avtalen om Nansen-programmet, konsultert om tilskota gjennom forsvarsministeren sine orienteringar til utanriks- og forsvarskomiteen. Tilskot til anskaffing av militært materiell og deltaking i internasjonale initiativ for støtte til Ukraina krev tidlege for-

pliktingar og utbetalingar. Der det er naudsynt vert midlane forplikta og utbetalt på førehand, hovudsakeleg for å leggja til rette for hurtigare leveransar til Ukraina.

Som følge av at delar av informasjonen er skjermingsverdig, er enkelttilskota gruppert på tilskotsmottakar. Omtala av føremålet med enkelttilskota er også tilpassa graderingsnivå.

Tabell 5.1 Tilskot til internasjonale samarbeidstiltak og finansieringsordningar

		(i mill. kroner)
Tilskotsmottakar	Føremål	Beløp
Danmark	Støtte til produksjon av militært materiell i Ukraina gjennom dansk mekanisme, samt tilskot til anskaffing av materiell i samband med NB8 brigade-initiativet.	1 530
Estland	Militært materiell	300
NATO – Comprehensive Assistance Package	Innkjøp av ikkje-dødeleg materiell for donasjon, tiltak for auka interoperabilitet, utvikling av moderne institusjonar og langsiktig gjenoppbygging av Ukraina	600
USA	Noreg bidreg til det USA- og NATO-initierte programmet Prioritized Ukraine Requirement List (PURL) for innkjøp av amerikansk materiell som Ukraina har behov for, mellom anna luftvernmateriell, ammunisjon og artilleri. Noreg bidreg også til innkjøp av luftvernmateriell gjennom den amerikanske JUMPSTART-mekanismen.	18 575
Storbritannia	I samarbeid med Storbritannia og andre land, bidreg Noreg mellom anna til finansiering av luftvernmateriell, artilleri-ammunisjon, dronar, og den maritime koalisjonen for Ukraina. Noreg har også gitt tilskot til eit fond som skal dekke utgifter i NATO Security Assistance and Training for Ukraine (NSATU), samt til eit britisk initiativ for å styrke fronten i Ukraina på kort sikt gjennom anskaffingar frå ukrainsk industri.	5 705
Tsjekkia	Artilleri-ammunisjon	5 500
Tyskland	Finansiering av luftvernmateriell til Ukraina i samarbeid med Tyskland og andre bidragsytarar	7 260
EU	Tilskot til EU for å styrka anskaffing av militært materiell til Ukraina	1 000

6 Oppfølging av oppmodningsvedtak

Lovheimel for behandling av fangar i væpna konflikt
Vedtak nr. 576, 18. april 2017:

«Stortinget ber regjeringen utrede en egen lov-
hjemmel for å sikre at fanger som holdes av

*norske styrker i forbindelse med væpnet konflikt
får ivarettatt sine rettigheter, samt hvordan rettig-
hetene til personer som holdes fanget av norske
soldater kan ivaretas i våre internasjonale ope-
rasjoner».*

Oppmodningsvedtaket vart fatta under behandlinga
av Innst. 248 S (2016–2017) om *Redegjørelse fra
utenriksministeren og forsvarsministeren om*

Afghanistan, inkludert rapporten frå det regjeringsoppnemnte utvalet som har evaluert og trekt lærdommar av Noreg sin sivile og militære innsats i Afghanistan for perioden 2001–2014. I Godalutvalet sin rapport om Afghanistan, NOU 2016: 8 *En god alliert – Norge i Afghanistan 2001–2014*, vart norske styresmakter kritiserte for manglande prosedyrar for behandling av fangar i Afghanistan. Mellom anna vart fangar under norsk kontroll overlatne til amerikanske styrkar og afghanske styresmakter utan at dei folkerettslege konsekvensane av fangeoverføringa vart grundig nok vurdert. Kritikken kom etter rapportering om alvorlege menneskerettsbrot i afghanske fengsel og i nokre amerikanske interneringsfasilitetar.

Noreg har folkerettslege plikter ved fridoms-krenking og behandling av fangar i væpna konflikt som kjem fram av dei fire Genèvekonvensjonane frå 1949 med tilleggsprotokollar, og internasjonal sedvanerett.

I konflikhtar mellom statar (internasjonale væpna konflikhtar) gjeld alle dei fire Genèvekonvensjonane og tilleggsprotokoll I til konvensjonane. Tredje Genèvekonvensjon om behandling av krigsfangar stiller opp detaljerte reglar for behandling av stridande som er skada eller overgir seg på annan måte. Krigsfangar kan internerast så lenge konflikten varar. Reglar for internering av sivile er gitte i fjerde Genèvekonvensjon. Det følger av artikkel 42 i konvensjonen (norsk versjon): «Internering eller tvangsforvisning av beskyttede personer kan bare forordnes hvis det av sikkerhetshensyn er absolutt nødvendig for den makt som har disse personer i sin varetekt.» Fjerde Genèvekonvensjon gir reglar for behandling av internerte. Dei internerte har ein rett til å få interneringsgrunnlaget prøvd for ein administrativ myndigheit eller domstol.

Konflikhtar mellom ein stat og ei væpna gruppe (interne væpna konflikhtar) er regulerte av fellesartikkel 3 til Genèvekonvensjonane, og internasjonal sedvanerett. Fellesartikkel 3 stiller minstekrav for omsorg for personar som ikkje direkte tar del i fiendskapane, inkludert medlemmer av den væpna gruppa som har lagt ned våpena, vert sett ut av kamp på grunn av sjukdom eller skade, eller tatt til fange. Føresegna stiller krav om human og ikkje-diskriminerande behandling, og stiller opp absolute forbod mot mellom anna mishandling og tortur, audmjukande og vanærande behandling. Høve til å ta fangar (interneringsgrunnlaget) kjem ikkje direkte fram av ordlyden i føresegna. Likevel er det folkerettsleg sedvanerett at statar kan gjennomføra tryggingsinterneringar i interne væpna konflikhtar dersom andre tiltak er utilstrekkelege.

Dei fleste prosessuelle reglane for fangebehandling i internasjonale væpna konflikhtar gjeld som folkerettsleg sedvanerett i interne væpna konflikhtar.

Som statspart til Genèvekonvensjonane er Noreg pålagt i fredstid å leggja til rette for at pliktene vert trygga i ein væpna konflikt. Konvensjonane legg derimot ikkje føringar for korleis statane gjennomfører pliktene i praksis. Det er ikkje krav om at konvensjonspliktene skal gjennomførast i nasjonal lov.

Eit krav til nasjonal lovheimel for internering i væpna konflikhtar kan heller ikkje utleiast frå Grunnlova eller Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK). Den europeiske menneskerettsdomstol (EMD) har kome til at statspartar til EMK er bundne av sine plikter etter konvensjonen i væpna konflikt, så lenge staten ikkje dero gerer frå pliktene med heimel i artikkel 15. Sjølv om ein stat sitt ansvar (jurisdiksjon) etter EMK i utgangspunktet er avgrensa til staten sitt eige territorium, har EMD lagt til grunn at pliktene etter EMK unntaksvis vil gjelda også utanfor statspartens territorium, framfor alt dersom staten har effektiv kontroll over eit område eller representantar for staten har myndigheit eller kontroll over enkeltpersonar.

EMK artikkel 5 om rett til fridom og tryggleik forbyr vilkårleg fridoms-krenking. Ei fridoms-krenking krev heimel i lov, og kan berre utførast i bestemte situasjonar. Tryggingsinternering i væpna konflikt fell utanfor typetilfella som er lista i artikkel 5 bokstav a til f. EMD har likevel kome til at internering av sivile i internasjonale væpna konflikhtar i tråd med reglane i fjerde Genèvekonvensjon om vern av sivile, utgjør lovleg fridoms-krenking etter EMK artikkel 5, sjå prinsippavgjerda i Hassan mot Storbritannia (29750/09) frå 2014. EMD har med det slått fast at klar folkerettsheimel kan tilfredsstilla kravet til rettsgrunnlag ved fridomstap etter artikkel 5.

EMD har ikkje tatt stilling til om det same gjeld tryggingsinternering i interne væpna konflikhtar. Forsvarsdepartementet legg til grunn at tryggingsinternering også må aksepterast som lovleg fridomstap etter EMK artikkel 5 i interne væpna konflikhtar, og at det er tilstrekkeleg at interneringspraksisen er heimla i folkeretten. Tryggingsinternering er eit vanleg tryggingstiltak for statar som deltar i ein intern væpna konflikt, og etter kva departementet kan sjå er det uvanleg at europeiske statar dero gerer frå pliktane etter artikkel 5 i slike tilhøve.

Grunnlova § 94 fastsett at «ingen må fengslast eller bli fråteken fridomen på anna vis utan i dei tilfella og på den måten som lovene fastset. Fridoms-

tapet må være naudsynt og ikkje utgjere eit mis- høveleg inngrep». I motsetnad til EMK artikkel 5, inneheld Grunnlova § 94 ingen oppramsing av grunnar som kan rettferdiggjera fridoms- tap. Departementet meiner føresegna, på same måte som EMK artikkel 5, må tolkast slik at det ved fri- domskrenking i væpna konflikt er tilstrekkeleg (og naudsynt) med heimel i folkeretten. Det legg vidare til grunn at legalitetsprinsippet, som er grunnlovsfesta i Grunnlova § 113, ikkje stiller krav om at maktbruken til Forsvaret i væpna kon- flikt har heimel i norsk lov.

Sjølv om det ikkje er nokon rettsleg plikt for staten å gjennomføra folkerettens internerings- reglar i norsk lov, har departementet vurdert om det likevel kan vera føremålstenleg med lovregu- lering. Våre folkerettslege plikter i væpna konflikt etter Genèvekonvensjonane og EMK er ivaretatt i det interne regelverket i Forsvaret. Det er særleg Forsvarsjefens manual i krigens folkerett, som utgjer ståande ordre for norske soldatar, som gir føresegner ved fangetaking og fangebehandling av krigsfangar og sivile internerte. Manualen vart revidert i 2025 i tråd med rettsutviklinga i folke- retten. Norske soldatar er pålagt å behandla inter- nerte i interne væpna konflikthar etter dei krava som gjeld i internasjonale væpna konflikthar, kor det er fleire og meir omfattande plikter enn i interne væpna konflikthar. Manualen set særleg krav til omsorg for internerte kvinner og barn, jf. mellom anna manualens punkt 7.145 flg.

Dei nærare rammene for fangebehandling i ein konkret konflikt vil verta uttrykte i operasjons- prosedyrar og engasjementsreglar, jf. manualens punkt 7.105. Det folkerettslege mandatet for ope- rasjonen kan til dømes setja særskilde krav til behandlinga av fangar som må verta inntatt i det interne regelverket som gjeld for operasjonen. I internasjonale operasjonar under mandat frå FN kan til dømes ein resolusjon frå FNs tryggingråd gi særskilde plikter for partane i konflikten. Det kan også vera særlege politiske eller humanitære omsyn rundt interneringspraksisen som ein ønskjer å ivareta utan at det følger av eit rettsleg pålegg.

Det finst fleire rettslege verkemiddel som skal sikra at norske styrkar behandlar fangar slik dei er pålagde. Brott på ordrane i Forsvarssjefens manual i krigens folkerett vil gi disiplinære reak- sjonar etter forsvarslova, og straff etter militær straffelov, dersom dei generelle vilkåra for straff er oppfylt. Ulovleg internering av verna personar og mishandling av fangar utgjer krigsbrottsverk som vert straffa strengt, jf. straffeloven § 103 bok- stav b og h, jf. militær straffelov § 108.

Ein lovheimel om fangetaking og fangebe- handling i væpna konflikt kunne ha vorte utforma på to måtar: Anten som ein generell lovheimel om høve norske styrkar har til å gjera interneringar i væpna konflikt, eller gjennom vedtak av detaljerte reglar om fangetaking og behandling av fangar i eiga særlov.

Departementet kan ikkje sjå at ein generell lovheimel vil gi sterkare vern av fangar under norsk kontroll enn det som gjeld i dag.

Den alternative løysinga, om å innføra meir detaljerte føresegner i ei spesiallov, vil på si side skapa retts tekniske utfordringar. Slike føre- segner måtte ha vore tilpassa ulike situasjonar i ein rekkje ulike konflikthar og konflikthypar. Det er vanskeleg sjå føre seg alle truslar ein vil stå over- for og kva for grupper som det kan verta naud- synt å internera i ein framtidig konflikt. Det same gjeld praktiske omsyn i internasjonale opera- sjonar, som geografiske føresetnadar og tilgang til interneringsfasilitetar. Vidare kan det i felles- operasjonar verta uklart om dei norske lovføre- segnene er strengare enn reglar og prosedyrar som er fastsette i NATO sitt reglement. Dette kan få ugunstige konsekvensar for samhandling med allierte om behandling av fangar i fellesopera- sjonar. Prinsipielt er det også uheldig å gjennom- føra delar av Genèvekonvensjonane i lov, medan dei andre pliktene i krigens folkerett vert ivare- tatt i internt regelverk. Dette kan medføra at Forsvaret sine rettslege rammer vert fragmen- terte.

Samla sett har departementet kome til at ein lovheimel for internering i væpna konflikt korkje er naudsynt eller føremålstenleg. Dei rettslege rammene for behandling av krigsfangar og inter- nerte følger av dei folkerettslege reglane som Noreg er bunde av. Den nærare konkretiseringa av reglane og tilpassingar til den aktuelle opera- sjonen er krevjande å gjera i lovføresegner. Ram- mene vil uansett måtta spesifiserast i internt regel- verk, i NATO sitt reglement ved fellesoperasjonar samt andre fellesoperasjonar som Noreg tar del i. Dagens regulering sikrar godt vern av fangar og omsorgsfull fangebehandling, samstundes som oppdragsløysinga kan tilpassast utfordringar i den einskilde konflikthar. Forsvaret sitt interne regelverk er styrka sidan utvalet sin rapport vart handsama i Stortinget, og det er tilsett fleire militærjuristar i Forsvaret som skal syta for at folkerettens plikter vert ivaretatt.

Departementet har etter dette kome til at det ikkje bør innførast ein eigen lovheimel for fange- taking i væpna konflikt. Departementet vurderer på dette grunnlaget at vedtaket er følgd opp.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2025 under Forsvarsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjera vedtak om endringar i statsbudsjettet 2025 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2025 under Forsvarsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2025 vert det gjort følgande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 983 101 000 til kr. 963 602 000	19 499 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 160 423 000 til kr. 200 156 000	39 733 000
	22	IKT-verksemd, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 112 879 000 til kr. 98 856 000	14 023 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 5 120 000 til kr. 4 020 000	1 100 000
	52	Overføringar til statlege forvaltningsorgan, vert auka med frå kr. 6 008 000 til kr. 9 408 000	3 400 000
	53	Risikokapital, NATO innovasjonsfond, vert auka med frå kr. 13 590 000 til kr. 13 600 000	10 000
	72	Tilskot til Noregs forskningsråd, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 64 994 000 til kr. 64 100 000	894 000
	78	Noregs tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 1 825 049 000 til kr. 1 975 049 000	150 000 000
	79	Militær støtte til Ukraina, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1710, post 01 og 47, kap. 1720, post 01 og kap. 1760, post 01 og 45</i> , vert auka med frå kr. 39 382 950 000 til kr. 41 233 377 000	1 850 427 000
	90	Kapitalinnskot, NATOs innovasjonsfond, vert auka med frå kr. 24 180 000 til kr. 24 200 000	20 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 8 084 262 000 til kr. 7 979 902 000	104 360 000
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , vert auka med frå kr. 6 210 441 000 til kr. 6 911 441 000	701 000 000
1716		Forsvarets forskingsinstitutt	
	51	Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt, vert redusert med frå kr. 352 701 000 til kr. 349 542 000	3 159 000
1720		Forsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 50 660 059 000 til kr. 51 410 613 000	750 554 000
	71	Overføringar til andre, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 47 249 000 til kr. 49 520 000	2 271 000
1730		Forsvarshistorisk museum	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 178 557 000 til kr. 178 757 000	200 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med frå kr. 4 430 343 000 til kr. 4 435 992 000	5 649 000
1740		Statens graderte plattformtenesta	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1740, post 45</i> , vert auka med frå kr. 507 338 000 til kr. 536 841 000	29 503 000
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , vert redusert med frå kr. 2 762 252 000 til kr. 2 684 372 000	77 880 000
	44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 241 733 000 til kr. 241 578 000	155 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1700, post 79 og kap. 1710, post 47</i> , vert redusert med frå kr. 54 774 788 000 til kr. 50 578 410 000	4 196 378 000
	48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 490 000 000 til kr. 1 195 555 000	705 555 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
	75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskot til NATO investeringsprogram for tryggleik, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44</i> , vert redusert med	67 427 000
		frå kr. 348 396 000 til kr. 280 969 000	
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	231 183 000
		frå kr. 564 630 000 til kr. 795 813 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	67 853 000
		frå kr. 14 545 000 til kr. 82 398 000	
	85	Aksjeutbytte, vert redusert med	15 000 000
		frå kr. 15 000 000 til kr. 0	
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsinntekter, vert redusert med	146 917 000
		frå kr. 6 470 287 000 til kr. 6 323 370 000	
	47	Sal av eigedom, vert auka med	3 300 000
		frå kr. 97 690 000 til kr. 100 990 000	
4720		Forsvaret	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	103 400 000
		frå kr. 1 054 789 000 til kr. 1 158 189 000	
4730		Forsvarshistorisk museum	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	6 000 000
		frå kr. 12 500 000 til kr. 18 500 000	
4740		Statens graderte plattformtenesta	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	21 000 000
		frå kr. 212 776 000 til kr. 233 776 000	
4760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	112 700 000
		frå kr. 53 324 000 til kr. 166 024 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter, vert auka med	163 900 000
		frå kr. 1 592 839 000 til kr. 1 756 739 000	
	48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter, vert auka med	705 555 000
		frå kr. 530 000 000 til kr. 1 235 555 000	

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsinntekter, vert auka med frå kr. 482 425 000 til kr. 627 634 000	145 209 000
5645		Rygge 1 AS	
	85	Aksjeutbytte, vert auka med frå kr. 0 til kr. 15 000 000	15 000 000

Fullmakter til å overskrida gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2025 kan nytta alle meirinntekter, derunder meirinntekter under kapittel 5645, post 85, til å overskrida ein kvar utgiftsløyving under Forsvarsdepartementet, med følgande unntak:

- a. Inntekter frå militære bøter kan ikkje nyttast som grunnlag for overskriding.
- b. Inntekter ved sal av større materiell kan nyttast med inntil 75 pst. til overskriding av løyvinga

under kapittel 1760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald, post 45 Større anskaffingar og vedlikehald

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal også dekkja meirverdiavgift knytt til overskridinga, og rører derfor også ved kapittel 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal tas med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2025 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gamalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Føremål	Samla ramme
1700		Forsvarsdepartementet	
	73	Forsking og utvikling	500 000 000
	78	Noregs tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjett	200 000 000

IV

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2025 kan foreta bestillingar ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gamalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Føremål	Samla ramme
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter	47 510 000

Andre fullmakter

V

Tidspunkt for belastning av utgiftsløyvingar

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2025 kan belasta utgiftsløyvingar for bestillingar gjennom NSPA (NATO Support and Procurement Agency), andre internasjonale organisasjonar, andre land sine myndigheiter eller frå leverandørar der dette er økonomisk forsvarleg og nødvendig av forretningsmessige årsaker frå det tidspunkt materiell vert bestilt, sjølv om levering først skjer seinare i budsjettåret eller i eit etterfølgande budsjettår.
